

Referat frå møte i forhandlingsutvalet

Møtedato: 17.01.2019

Stad: Quality Hotel Waterfront Ålesund

Medlemar:

Tilstade: x

Varamedlemar:

x	Ketil Leirbekk, Orkidè		Gunhild Eidsli, Orkidè
	Cato Innerdal, ROR	x	Jan Morten Dale, ROR
x	Inger Lise Kaldhol, SRR	x	Norunn Kirkebø Elde
x	Olav Aarø, kommuneadvokat	x	Guri Haslund Reiten, kommuneadvokat
x	Ingrid Løset, Leiari Brukarutvalet HMR		Inger Nossen Sandvik FFO/revmatikarforbundet
x	Ann Helene Skare, Nestleiar Brukarutvalet HMR,		
	Svein-Rune Johannessen, KS		Sidsel Rykhus, KS

x	Jorun Bøyum, HMR		Astrid Johanne Brandshaug, HMR
x	Karl-Arne Remvik, HMR		Kjersti Bergjord, HMR
x	Lena Bjørge Waage, HMR	x	Stian Endresen
x	Dordi Flormælen, Advokat HMN RHF/Jan Rino Austdal, personvernombod/jurist HMR		Charlotte Vold Winther, Advokat HMN RHF
x	Hans Jakob Overå, tillitsvald kommune		Hild Våge, tillitsvald kommune
	John Kristian Høye, tillitsvald HF		Anette Lekve, tillitsvald HF

Andre deltagarar: Anne Lise Sagen Major prosjektleiar HP, Tor Åm samhandlingsdirektør St. Olavs, Runar Asp samhandlingskoordinator.

Referent: Stian Endresen og Lena Bjørge Waage

Møtet i forhandlingsutvalet for revisjon av samhandlingsavtalen vart halde på Quality Hotel Waterfront Ålesund.

Møtet starta kl. 10:00

Bakgrunnsdokumentasjon:

- [Samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF](#)
- [Sak 2018/15 Etablering av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen](#)
- [Sak 06/2017 Status, evaluering og utvikling av Samhandlingsavtalen som rammeverk](#)
- [Sak 2017/17 Oppfølging evaluering samhandlingsavtale – tilråding vidare prosess](#)
- [Sak 2017/37 Evaluering av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal – tilråding og vidare prosess](#)

Referat og presentasjon fra førre møte 081118, samt referat fra regionale samarbeidmøter kan lesast [her](#).

Agenda:

- Innleiing og status v/ Lena
 - Herunder justert mandat frå møte i OSU 27.november 2018/34 i vedlagt [protokoll her](#))
 - Regionalt samarbeidsmøte 5. desember (viser til utsendt referat)
 - Oppfølging sekretariat og behov for kommunal kontaktperson for arbeidet
- Status Helseplattformen – innverknad på avtalar og struktur v/Anne Lise Sagen Major prosjektleiar
- Spørsmål/innspel i plenum
- Presentasjon av «trøndelagsmodellen» v/ Tor Åm samhandlingsdirektør St.Olav og Runar Asp samhandlingskoordinator
- Spørsmål/innspel i plenum
- Regionalt samarbeidsmøte 9. januar – tilråding vidare prosess v/ Runar Asp (viser til utsendt utkast referat)
- Spørsmål, innspel, diskusjon
- Møteplan (viser til skissert forslag tidslinje i referat frå regionalt møte 9.januar)

Samandrag:

Møtet vart inndeia av konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage med ei presentasjonsrunde av møtedeltakarane i møtet. Ein gjekk gjennom oversikt over forhandlingsutvalet si samansetning iht medlemmar og varamedlemmar. Sakslista vart gått gjennom og godkjent slik den var framstilt.

Presentasjon for møtet finn de [her](#).

Tema	Aktuelt	Oppfølging	Ansvarleg	Tidramme
Sekretariat/leiing	<p>Seksjon for samhandling har tatt rolla inntil vidare og konferert med arbeidsgruppa til OSU (Siv Iren Stormo Andersson, Synnøve Vasstrand Synnes og Oddbjørn Tomren).</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dialog med KS – ikke kapasitet til å ta ei slik rolle <ul style="list-style-type: none"> • Har vore i dialog med KS konsulent hjelpe – om aktuelt er det bekrefta at to konsulentar kan inngå i prosessen – finansiering ikke avklart • Forhandlingsutvalet må vurdere behov ut frå skildra prosess og framdriftsplan • Samhandlingssjef som leiar men det er behov for kommunal kontaktperson eller «medleiar/delt leiing» 	<p>Kommunane avklarar vidare med KS. Seksjon for samhandling tek rolla som sekretariat inntil noko anna vert bestemt.</p> <p>I høve til kommunal kontaktperson/leiing drøfta dei kommunale representantane i eige møte og kom fram til at Ketil Leirbekk v/Orkidè tek rolla som kontaktperson for kommunane i forhandlingsutvalet</p>	Ketil Leirbekk i samråd med kommunale representantar	Status etter dialog med KS i neste møte i forhandlingsutvalet 14.mars
Mandat	<p>Presentasjon om justert mandat frå møte i OSU 271118.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presisering; Forhandlingsutvalet tolkar OSU sitt vedtak om at avtalane har behov for revidering pga; <ol style="list-style-type: none"> 1. Endring i lovverk og nye forskrifter 2. Ny kommunestruktur, fleire interkommunale helsetilbod. HMR slår saman avdelingar og pasientar skal behandlast på andre sjukehus enn tidlegare. 	<p>Behov for å sikre rett forståing av mandat som kan tolkast ulikt og dermed skape usikkerheit om prosessen. Dei kommunale representantane vil kome med forslag justert ordlyd i mandat som forankrast hos representantane frå HMR før det fastsettast og meldast til OSU i møte 8.mars.</p>	Kjetil Leirbekk i samråd med kommunale representantar.	Innan januar Justering leggast fram for OSU i møte 8.mars.

	<p>3. Ny teknologi gir oss nye muligheter.</p> <p>4. Nye faglege retningslinjer</p> <p>→Det er skjedd mange endringar sidan avtalane vart inngått i mai 2015. Det visast mellom anna til fagområdet psykiatri og rus, der det er forskriftsendringar. Endringar generelt skjer så raskt at det er behov for ei justering og mulig ei forenkling av dagens avtaleverk . Det justerte avtaleverket må ha mulighet til å justerast undervegs.</p>			
Helseplattformen	<p>Prosjektleiar Anne Lise Sagen Major orienterte om status i arbeidet med Helseplattformen (HP)(sjå lenke for presentasjon over).</p>	<p>Forhandlingsutvalet tek orientering om Helseplattformen til vitande</p>	Helseplattformen	Pågår
Prosess, herunder regionalt arbeid og spørsmål om harmonisering avtaleverk	<p>Orientering om samhandlingsavtalar og struktur i Trøndelag v/ Tor Åm samhandlingsdirektør og Runar Asp kommunal samhandlingskoordinator (sjå lenke for presentasjon over)</p> <p>Formål med orienteringa: Erfaringsutveksling iht vurdering om harmonisere avtaleverket og behov for lokale tilpassingar.</p> <p>Nokre moment frå modellen;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dialog på politisk nivå gjennom Politisk samarbeids utval (PSU) – I MR har vi årlege dialogmøter, men der i liten grad det politiske nivået er representert. I MR kjem det Innspel frå vertskommunar 	<p>Vidare proses avklarast i etterkant, i lys av det som kjem fram etter justering av mandat.</p> <p>Ein set opp nytt møte i forhandlingsutvalet 14. mars.</p> <p>Estimert framdriftsplan er ferdig utkast revidert avtale før sommaren, til behandling i kommunestyrer og HF hausten 2019. Obs kommunesamanslåing, som kan utløyse behov for utvida frist for behandling i respektive kommunestyrer.</p>	Forhandlingsutvalet	<p>Snarleg</p> <p>Neste møte i forhandlingsutvalet 14.mars</p>

	<p>om behov for faste møtepunkt mellom leiing HMR og politisk/adm nivå kommune – førebels ikkje etablert som fast arena i vår samhandlingsstruktur, for utanom dei årlege dialogmøta</p> <ul style="list-style-type: none"> • Administrativt samarbeidsutval (ASU) møter x1 pr mnd – I MR har vi Overordna samarbeidsutval (OSU) møter x4 pr år • permanent felles sekretariat – I MR er det seksjon for samhandling som har sekretariat, ingen kommunal representasjon • Arbeidsutval som set opp og kvalitetssjekkar saksliste til ASU – I MR er det sekretariat (seksjon for samhandling) som set opp saksliste i samråd med leiar OSU – Vi har eit arbeidsutval til OSU, men førebels ikkje arbeidsutvalet som førebur saker til OSU • Hovudavtale og retningslinjer – I MR har vi om lag same struktur, men der vi har delavtalar og ikkje retningslinjer. • Struktur – hovudavtale – i Sør Trøndelag (ST), Nord Trøndelag (NT)er det ASU som forvaltar hovudavtalen. I MR er det OSU. • Struktur – retningslinjer – I ST, NT er det fagråd som forvaltar dei ulike retningslinjene. I MR har vi kliniske samhandlingsutval, fagråd, arbeidsgrupper. I tillegg hvor vi lokale samhandlingsutval. Spørsmål vidare iht lokale utval, det kan vere ein nyttig arena for å sikre det lokale arbeidet, samtidig har det potensiale for å bli meir operative og skape framdrift. 		
--	---	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> Eks retningslinje for innlegging/utskriving – samla i ei retningslinje – som forvaltast av eige fagråd. I MR har vi 4 delavtalar for dette. Ikkje etablert eige fagråd. Rutinar knytt til handtering av utskriving, herunder å sikre legedokumentasjon er i hovudsak lik <p>Det vert gitt ei orientering om regionalt møte 5. desember og 9.januar Viser til referat frå møte 5.desember 2018 og 9.januar 2019.</p>			
Andre moment	Kostnadsdeling	HMR betalar for møtekostnadar, men der 50% blir fakturert kommuner v/dei tre regionråda ved slutten av året.	HMR/regionråd	Oppgjer 50/50 ved utgangen av 2019